



**DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT**

SIVA - Selskapet for industrivekst SF
Postboks 1253 Torgarden
7462 TRONDHEIM

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/52-32

21. desember 2022

Statsbudsjettet 2023 - Orienteringsbrev til Siva om middel til administrasjon og gjennomføring av regionale oppdrag

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) vil med dette brevet orientere om utbetaling av middel til administrasjon og gjennomføring av fylkeskommunale oppdrag over kap. 553, post 61 "Mobiliserende og kvalifiserende næringsutvikling".

Fylkeskommunane har oppdragsgjevaransvaret for mobiliserende og kvalifiserende næringspolitiske verkemiddel forvalta av Innovasjon Noreg og Siva. Målet med verkemidla er å medverke til å mobilisere og utvikle eit verdiskapande næringsliv i distrikt og regionar. Fylkeskommunane har ansvaret for å utforme og finansiere oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva i sitt fylke ut frå regionale behov og prioriteringar. Innovasjon Noreg og Siva skal forvalte midla i tråd med gjeldande programplanar.

Departementet tildeler i 2023 fylkeskommunane til saman 763,728 millionar kroner over kap. 553, post 61. Løyvinga inkluderer middel til administrasjon og gjennomføring for den forvaltninga Innovasjon Noreg og Siva gjer av ordningane.

For Siva vil departementet overføre dei samla midla til administrasjon og gjennomføring direkte til Siva på vegner av fylkeskommunane. For 2023 utgjer dette 16,318 millionar kroner. Beløpet er fastsett i dialog mellom fylkeskommunane, Siva og departementet. Vederlag for særskilde oppdrag i enkeltfylke(r) knytt til programma som forprosjekt, pilotprosjekt eller liknande, må Siva avklare med den einskilde fylkeskommune.

Ved risiko for at faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnader vil overstige berekna ressursbruk, skal Siva varsle fylkeskommunane om dette. Eventuell overstigande

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kdd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kdd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Regionalpolitisk
avdeling

Saksbehandlar
Ragna Eltun
22 24 72 86

ressursbruk til føremålet, skal Siva avklare med fylkeskommunane, og ekstra middel kan leggjast til neste års administrasjons- og gjennomføringskostnader. Dersom Siva har ubrukte middel til administrasjon og gjennomføring ved årets slutt, blir dette overført til neste års oppdrag.

Siva skal i årsrapporten rapportere årleg på dei faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnadene, og kva tildelte middel til administrasjon og gjennomføring er brukt til.

Departementet vil utbetale midla til Siva på vegner av fylkeskommunane i to omgangar, i januar og i august.

Fylkeskommunane har ansvaret for styringsdialogen med Innovasjon Noreg og Siva for dei fylkeskommunale oppdraga. Departementet vil delta i dei nasjonale styringsmøta som fylkeskommunane som kollegium vil ha med Siva, og kan også, ved behov, delta i regionale styringsmøte mellom enkeltfylke og Siva.

Departementet viser til dei administrative føringane i oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet til Siva for 2023 og retningslinjene som er utarbeidde for post 61, sjå vedlegg 1. Rapporteringskalender for 2023 er lagt ved oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Med helsing

Kristin Marie Felde (e.f.)
ekspedisjonssjef

Ragna Eltun
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Vedlegg 1: Retningslinjer for kap. 553, post 61 over Kommunal- og distriktsdepartementets budsjett

Kopi

Agder fylkeskommune
Innlandet fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Nærings- og fiskeridepartementet

Oslo kommune
Riksrevisjonen
Rogaland fylkeskommune
Troms og Finnmark fylkeskommune
Trøndelag fylkeskommune
Vestfold og Telemark fylkeskommune
Vestland fylkeskommune
Viken fylkeskommune